

TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 6

2014

ÅRGANG 29

*Flotte reportasjar frå jubileumsfest
for Ringen og frå Klubbefesten.*



*Årsmøte i laget
19. februar 2015 kl. 19.*

*Sogn og Fjordanelaget i Oslo
ynskjer alle sine medlemmer
God Jul og Godt Nyttår*



Ein hendingsrik haust

Me har lagt bak oss ein av dei mest aktive bolkanane i laget si søge på fleire år. Mykje kjekt for oss som har fått med oss det meste. Tilskipingane har vore bra besøkte, men me hadde hatt plass til fleire. Så når Nordfjordlaget til neste år ville ha vorte 100 år, må folk sjå si gjestingstid.

Dei tre store hendingane i haust har vore Sogn og Fjordaneringen sin gilde jubileumsfest på Klækken hotell 11.–12. oktober, gjenopninga av Sunnfjordhytta på Sinober 25.–26. oktober, med flott smalahovefest, og Klubbefesten 8. november. Frå feiringa av ringen sine 60 år og Klubbefesten finn de reportasje i bladet, medan meldinga frå Pustut må venta til neste nr.

Klubbefesten laurdag 8. november, med musikarane Håkon Høgemo og Karl Seglem sin konsert, vart svært vellukka. Klubben var framifrå i år også, alt attåt like eins. Me hadde også drivande god dansemusikk i “Kring slått”, dvs. Helene Myklemyr og John Oddvar Kandal. Og det vart markert at Sognalaget ville ha runda 100, om det hadde vore eige lag framleis.

Lagshyttene

På Pustut er no både kjøken og matstove ferdig oppussa, ny tropp til hemsan har Birger laga, snurrelassen er på plass og det er gjort reint. Så no er hytta innbydande å bruka for lagsfolk og til utleige. Nordfjordhytta på Rykkinn i Bærum er også fint råd å bruka vinterstid, sjølv om der ikkje er innlagt straum. Kontaktpersonar for hyttene, sjå baksida.

Ringen har faste tysdagsøvingar, sjå deira nettsider om det. Dei ynskjer både nye og gamle medlemmer og andre velkomne. Tysdag 9. desember hadde dei avslutningskvelden sin før jul. Ringen held årsmøte tysdag 20. januar 2015.

Årsmøte i Laget vert torsdag 19. februar, sjå kunngjering på neste side. Ta turen på det og gje ditt ordet med i laget, bokstavleg tala!

No ynskjer me alle medlemmer ei fin adventstid og ei lang og god jule- og nyårshelg!!

Alv Reidar Dale

Lagsleiar

Årsmøte 2015

Årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget 2015 vert **torsdag 19. februar kl. 19.00** i Nordahl Bruns g. 22. Faste saker til handsaming er årsmelding og rekneskap for 2014, fastsetjing av medlemspengar, å vedta planar og budsjett for 2015, val av tillitsfolk og utsendingar til årsmøte i BLS. Og me vil drøfta markering av 100-årsjubileet til laget/laga.

Dersom nokon har andre saker som ein vil ha opp på årsmøtet, må desse meldast til styret i laget seinast tysdag 20. januar 2015, anten ved å senda ein e-post til styreleiaren, i brev til

Sogn og Fjordanelaget i Oslo
Nordahl Bruns gate 22
0165 Oslo

eller lagt i laget sin postkasse i Nordahl Bruns gate 22.

Innkalling med sakspapir vert send ut fjorten dagar før årsmøtet.

Styret i Sogn og Fjordanelaget i Oslo
Alv Reidar Dale, leiar

a.r.e.dale@uniforum.uio.no

Fylg med på nettsidene våre: <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://www.sognogfjordaning.no/>

Den 87. klubbefesten – ein fest for fjordingar, sogningar og anna godt folk...

I mange år var klubbefesten *årsfesten* for Nordfjordlaget. Sidan 1987, då bygdelaga frå fylket samla seg om eit felles lag, Sogn og Fjordanelaget, er tilskipinga av denne festen blitt ein felles dugnad. God planlegging må til for å sikre fjordingar som har gjort byfolk av seg ein smak av denne grå saftige potetballen laga på steinmale byggmjøl frå Fjelli på Nordsida i Stryn. Samfylkingar som har flytta aust over, og etter kvart også deira etterkomarar, står bak den store dugnaden som skal til for å skaffe til vegs råvarer, be i hop til fest, skaffe underhaldning og ikkje minst stå ansvarleg for at det blir nok klubb til å mette alle dei forventningsfulle frammøtte.



I Nordahl Brunsgate 22 går den årvisse klubbefesten av stabelen. Angen av klubb og grisen som har enda sine dagar i grytene lokkar sogningar, fjordingar og anna godt folk til by'n denne laurdagen tidleg i november.

Agnar Hegrenes og Jofrid Holter kontrollerte listene for påmelding og betaling. Her var det rabatt å få om du var medlem i laget.

«No gled eg meg på klubb», sa ein forventningsfull nordfjording i Storsalen. «Ja, det var derfor eg kom!», var kommentaren han fekk.

Eg måtte ta turen på kjøkenet å kontrollere grytene. Klubbekokar Astrid Fridtun letta på loket og viste fram kvelden sitt høgdepunkt. Med i kokelaget var også Torkjell Sollid og Oddmund Solheim.





Serveringshjelpa er dei første som får smake på klubben.

Det som er kjekt med tradisjonar er at alle veit kva dei har i vente. Festpynta langbord i Storsalen var som i fjor og åra før der. Sigrund Nesdal sine troll og kabbar har pynta salen no i snart to mannsaldrar, og framleis er dei like fine.



På langborda var også kefiren og sirup på plass, litt for ein kvar smak.

Festleiar Alv Reidar Dale kunne ønskje alle velkomne til bords og klubben gjorde sitt inntog på stødige hender. Velfylte, dampande fat med klubb, kålrot og kjøt gjekk runden langs langborda med trekspelemusikk av Helene Myklemyr.



Nordfjordsongen og *Klubbevisa* er tradisjon. På songarket var det fleire songar med: *Ei vise frå Brekke*, *Nai, jifta deg, jenta...*, *Té sogningad'n*, og *Takk for maten*. Om teksten gjekk litt på tverke, var det uttalehjelp til visene nedst på arket. Tonen var stødig med trekspelemusikk av Helene.

Som underhaldning til det store etegildet vart det spel av det sjeldne slaget, med Karl Seglem og Håkon Høgemo frå Årdal. Håkon Høgemo, som gjekk i lære hjå Lars Skjervheim frå Myrkdalen i Voss, har vunne A-klassa i hardingfele på Landskappleiken (1989, 1995) og Spelemannprisen i klassen folkemusikk/gamaldans (2000, 2005). Høgemo fører vidare ein særprega spelemannstradisjon frå bygdene i indre Sogn.






Karl Seglem spenner vidt, men er i dag mest kjend for å kombinere jass og folkemusikk i ei vital og personleg uttrykksform. Han har motteke ei rekkje prisar og stipend, mellom anna Statens kunstnarstipend (2004, 2010).

I folkemusikktrioen *Ulla*, der saksofonisten og komponisten Karl Seglem er frontfigur, har han og Håkon Høgemo turnert i inn- og utland og gjeve ut fleire album. Denne kvelden vart det samspel med bukkehorn, tenorsax, antilopehorn og hardingfele. I tillegg las Seglem egne dikt; vakkert og lavmælt poesi.



Alv Reidar Dale og Anny Sollid retta stor takk til alle som gjorde klubbefesten til det den skal vere. Av dei mange som fekk ros og takk for innsatsen var Dorthe Malene Veiteberg Kvellestad – Ei rose som takk for hjelp med å dekke bord.

Eit historisk tilbakeblikk på 100 års-jubilanten Sognelaget stod Reidar føre; som vist på fana vart Sognelaget skipa 12. mars i 1914.





Men festen var ikkje slutt sjølv om alt som skulle seiast var sagt. No var det tid for å lea på dansefoten. *Kringslått* ved Helene Myklemyr frå Jostedalen og John Oddvar Kandal frå Breim, spelte opp til drivande godt dansespel, og Dorthe Malene fekk svinge seg med far Agnar på parketten.




Foto: Agnar Kvellestad, Svein Aasen og Elin Lovise Folven Gjengedal



Referent: Elin Lovise Folven Gjengedal

Stor og velfortent takk

Stor og velfortent takk til alle som var med og tok eit tak, og på ulike måtar var med og gjorde Klubbefesten 2014 så vellukka!

For å kunne gjennomføre ein klubbefest, er det mykje som skal klaffe og vere på plass i rett tid, både føreåt og sjølve dagen. Mangt må gjerast lang tid i førevegen. Informasjon skal lagast og ut i fleire ulike former og omganger, og påmeldingar takast imot. Korn skal skaffast, steinmale på vassdriven kvern på Ulvedal til dugande klubbemjøl, fraktast til Stryn og vidare til by'n. Fåre- og svinekjøtet frå Gunnar Ruud sytte for at vi kunne halda tradisjonane med klubbekjøtt ved like i år også. Poteter, kålrot og mykje meir må bestillast og hentast føreåt, så alt er på plass i tide.

Sjølve dagen er fleire gode hjelparar i sving. Svært stor takk til Oddmund, Astrid og Torkjell som også i år stod på kjøkenet frå tidleg morgon til langt på natt! Salen var fint og tradisjonelt pynta med trolla til Sigrund Nesdal, dei fekk seg ein bytur i år også!

Det er svært kjekt på ein klubbefestdag når så mange velvillige stiller opp og hjelper til. Utan dykk alle hadde ikkje tilskipinga kunna gjennomførast. **Stor takk til kvar og ein!**

Anny og Alv Reidar

Sogn og Fjordaneringen 60 år Jubileumsfeiring 11. oktober 2014

Laurdag 11. oktober feira Sogn og Fjordaneringen i Oslo at der var 60 år sidan ringen vart stifta. Om ikkje festen vara “tre heile dagar til ende”, så var det vesentleg meir enn ein “helaften” for dei fleste av oss. Den eigentlege festen skulle ikkje ta til før kl 18.30, men før kl 12.00 var dei første gjestene på plass Klækken hotell. Festkomitéen, Marit Haug Loen og Anne-Tove Rud, tok i mot gjestene. Etterkvart som fleire kom, vart også rekka lengre av dei som ville ynskje nykomarane velkommen.



Det var tydeleg at det er spesielt hyggeleg å treffe dei som vi ikkje ser kvar tysdag!

Øvst: Frå venstre Kari W, Torgunn, Hege, Anders, Heidi L (J) og Anne Merete.

Nedst. Frå venstre Tor L, Hege og Oddny.



Etter mange gode handtrykk, klemmar og oppdateringar om kva som har hendt sidan sist, vart alle bedne til lunsj. Her var det mykje å velge i. Det er freistande å sitere kaptein Sortebill (av Torbjørn Egner) “Salt mat og søt mat og penger og gull”. (Penger og gull kunne vi, rett nok, ikkje forsyne oss med, men måtte i staden legge det att når vi reiste.)



*Rundt med klokka:
Torgunn, Hege,
Tor L, Bjørg T,
Heidi L (J),
Hogne, Kari M,
Terje L, Arne.*

Det vart mange vender til matfat og dessertbord, så dei hadde fleste hadde trong for litt mosjon etterpå. Komitéen hadde, saman med danseleiar Dagfinn Aa, lagt opp til ei økt der festdeltakarane kunne få ein oppfrisking av gamle dansar og ein introduksjon til nokre nye, alt for å gjere det lettare å bli med på dansen under festen om kvelden.

I tillegg til den dansefaglege nytten av denne økta, var det også råd å utveksle nokre ord i mellom instruksjonane.



*Frå venstre
Dagfinn, Sissel og
Knut David.*



*Framme frå
v: Kari W og
Kari M.*

Danseøkta slutta slik at vi fekk ein god time fri. Nokre nytta høvet til ein dukkert i bassenget. Andre slappa av litt før dei tok på bunad eller anna festantrekk.

Den eigentlege festen tok til med ei økt der vi kunne gå rundt å helse på og prate med dei som vi ikkje hadde sett på lang tid. For mange var det ti år sidan sist (50 års jubileet). For nokre var det endå lenger. Omlag kl 19.30 kunne festleiar Anne-Tove ynskje velkomen til bords. Denne gongen var det runde bord med 8-10 personar rundt kvart.

Då vi hadde sett oss vart vi ønskt velkomen igjen, no av Anne-Lise som er leiar i jubileumsåret. Ho nytta høvet til å fortelje korleis ho opplevde sitt første møte med Ringen og Bygdelagshuset.

Kort etter kom maten på borda. Svært forenkla var menyen slik: Forrett: Sellerisuppe, Hovudrett: Kalvefilet, Dessert: Valnøttis.

Praten gjekk livleg rundt borda, men inn i mellom vart praten avbroten med songar, taler eller helsingar. Anne-Tove hadde laga to songar og Ragnhild Slyngstad hadde oppdatert songen sin frå 50-års jubileet med eit nytt vers som oppsummerte utviklinga sidan den gongen.



Til v.: Anne-Lise sjonglerte med ulike hattar, og med BLS-hatten på helsa ho frå BLS. Til h.: Oddny Feragen helsa frå leikarringen Symra.



Alv Reidar Dale helsa frå Sogn og Fjordanelaget og ga ei lita oppsummering om kva Ringen har gjort opp gjennom åra. Han avslutta med blome og ein klem til leiar Anne-Lise.



Inn i mellom fekk vi også tid til ein song til Kari M som fylde år denne dagen. Kari M får gratulasjonar. Foto: Tone Eid



Festmiddagen vart avslutta med "takk for maten" – som song av Birger Underdal. Foto: Tone Eid

Gode og mette kunne vi spasere roleg ned i dansesalen der Solvor Sundsbø, Benjamin Kehlet og Terje Amundsen spela til dans og Dagfinn Aa leia dansen. Mange ga uttrykk for at dei var svært nøgde med at dei fekk vere med på økta med repetisjon – og for nokon: introduksjon til nye dansar - tidlegare på dagen.



Øvst: Spele"menn": Solvor, Terje og Benjamin.

Midten: Marit og Dagfinn. Begge foto: Tone Eid.



Dansen vart avbroten av ein god pause med kaffi og kaker – og meir prat.



Ein hovudattraksjon under kaffien var ei stor marsipankake som Anny Sollid hadde ordna med frå Laget. På kaka var det skreve: "Sogn og Fjordaneringen 60 år – men tek framleis kaka!". Det var også mykje godt som medlemene hadde teke med.



*Midten: Tore,
Berit S, Arne,
Torgunn og
Marit.*



*Nedst: Tone,
Stig og Åslaug.*

Dansen heldt fram ein til ein time etter midnatt. Då trekte dei fleste seg attende til roma sine for å få nokre timar søvn. Til frukost var igjen dei fleste samla. Etter det måtte vi ta farvel med alle og takke festkomiteen for ein vel gjennomført fest!



Anne-Tove (foto: Tone Eid) og Marit.



Utanfor regna det tett, så det var ikkje så mykje sol å sjå verken ute eller inne, men både i hjarta og sinn var det sol!

Finn Stafsnes

PROGRAM FOR HAUSTEN 2014

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Sjå

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>

<http://sognogfjordaneringen.no>

<http://sognogfjordaneringen.no/aktivitetskalender/>

Opplysingar om folkedanstilskippingar finn ein på <http://folkedans.com/>
og <http://www.bls.no/index.php?pubid=kalender&>

Kvar tysdag Kl. 18–22 Folkedansøving i Storsalen.

Første tysdag i kvar månad møtes vi på Kaffistova i Rosenkrantzgate kl. 17 til middag. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får ein rabatt.

Tysdag 20/1 Årsmøte i Ringen

Torsdag 19/2 Årsmøte i Sogn og Fjordanelaget

Lagsavisa Tre Fjorðar - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til den neste avisa er **27/1**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Vi er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt til agnar.kvallestad.krøllalfa@nmbu.no. Alternativt til Agnar Kvallestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Bilete er velkomne; helst digitale, men vi tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvallestad, Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal. (tlf.nr. på baksida).

Kontonummeret til Sogn og fjordanelaget er 0531 27 71723, og ikkje det som i eit tidlegare nummer vart oppgjeve i samband med hyttene.

A

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo

STYRET

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale@uniforum.uio.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63
hilmar@getmail.no

PRESSE & PR

Leiar: Agnar Kvallestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvallestad@nmbu.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
agnar.hegrenes@nilf.no

Kontakt Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
Andor Gjelsvik
andorgj@frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta: 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)
Dagfinn Aa
daa@ssb.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Leiar: Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) - 67 14 73 50 (a)
alb@geofrost.no
